



Eigarskap i Tokke kommune

Eigarskapkontroll - Tokke kommune

2019 :: 433 007

Innhald

Samandrag	ii
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	1
1.2 Metode	1
1.3 Kriterium.....	2
1.4 Høyring	3
2 Kommunen si eigarskapsmelding	4
2.1 Eigarskapsmeldinga	4
2.2 Vurdering av kommunen si eigarskapsmelding	6
3 Samarbeid med andre eigarar	7
3.1 Samarbeid om eigarskapsstyring	7
3.2 Vurdering av samarbeidet med andre eigarar	8
4 Eigarstyring	10
4.1 Opplæring i eigarstyring.....	10
4.2 Fullmakter til eigarskapsrepresentant	11
4.3 Rapportering av selskaps spørsmål	12
4.4 Habilitet	14
4.5 Vurdering av kommunen si eigarstyring	15
5 Konklusjon og tilrådingar	17
5.1 Konklusjon	17
5.2 Tilråding.....	17
Vedlegg	18
Vedlegg 1: Høyringsuttale	19

Foto framside: Svilen Milev, www.effective.com

Samandrag

Bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Tokke kommune i sak 12/18. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av kommunestyret i Tokke kommune.

Kontrollutvalet har bedt om svar på følgjande problemstillingar:

I kva grad legg Tokke kommune til rette for god eigarstyring?

- Er kommunen si eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner?
- Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?
- Sørger kommunen for
 - at folkevalte får opplæring om eigarstyring,
 - at eigarrepresentant har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - at selskaps spørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldande tilrådingar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - tiltak for å ivareta habilitetsreglane?

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2017 og 2018.

Metode

Denne kontrollen er *ein eigarskapskontroll*. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14. Kontrollen er gjennomført av Anne Hagen Stridsklev, og er kvalitetssikra av Kirsti Torbjørnson.

Kontrollen er retta mot kommunen som eigar. I kontrollen vil vi undersøke korleis kommunen har utøvd sitt eigarskap i fire selskap. Selskapa er valt ut av kontrollutvalet. Dette er:

- Dalen Næringshage AS
- Konesjonskraftstyret i Telemark (§ 27-selskap)
- Tokke Eiendom AS

- Kvito AS

Vi undersøker ikkje selskapa og styra si verksemd.

Vi vurderer funn opp mot kriterier som m.a. er henta frå KS sine tilrådingar om godt eigarskap og aksjelova.

Funn og vurderingar

Eigarstyringa Tokke kommune inneheld fleire av dei elementa som ei god eigarstyring bør ha, men eigarstyringa har også vesentlege manglar.

Kommunen har vedtatt eigarskapsmelding. Eigarskapsmeldinga inneheld dei fleste punkta som KS tilrår, men det er også enkelte manglar. Mellom anna er det ikkje utarbeidd strategiar for dei selskapa kommunen eig, bortsett frå for VTK AS. Vi får opplyst at slike strategiar er under arbeid. Det inneber at kommunen per no ikkje har tiltak for å sikre at føringar til selskapa ikkje er avstemt med andre eigarar.

Kommunen har ikkje gjennomført eigarmøte med dei selskapa som er valt ut til denne kontrollen.

Tokke kommune har ikkje etablert rutinar som sikrar god kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet, og reell politisk avklaring av eigarrepresentanten si fullmakt. Føringa i eigarskapsmeldinga om at årsmeldingar skal leggast fram for kommunestyret, følgjast ikkje.

Tokke kommune følgjer ikkje tilrådinga om opplæring av folkevalte i eigarstyring.

Det er i samsvar med KS sine tilrådingar å gje ordførar fullmakt til å representere kommunen i generalforsamlingar. Det er ikkje i samsvar med tilrådingane å velje ordførar til styreleiar i eit selskap der kommunen er eigar. Ordførar var inhabil då han representerte kommunen som eigar i generalforsamlinga til Dalen Næringshage AS, fordi han er styreleiar i selskapet.

Tilrådingar

Vi tilrår Tokke kommune

- å vurdere å oppdatere eigarskapsmeldinga si slik at den er i samsvar med tilrådingar og ny kommunelov
- å etablere rutine for å handsame eigarsaker i kommunestyret

- å styrke opplæringa i eigarstyring for folkevalte
- å vurdere om det er tenleg at ordførar har styreverv.

Bø, 14. februar 2019

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Tokke kommune i sak 12/18. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av kommunestyret i Tokke kommune.

Kontrollutvalet har bedt om svar på følgjande problemstilling:

I kva grad legg Tokke kommune til rette for god eigarstyring?

- Er kommunen si eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner?
- Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?
- Sørger kommunen for
 - at folkevalte får opplæring om eigarstyring,
 - at eigarrepresentant har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - at selskaps spørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldande tilrådingar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
 - tiltak for å ivareta habilitetsreglane?

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2017 og 2018.

1.2 Metode

Denne kontrollen er *ein eigarskapskontroll*. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14. Kontrollen er gjennomført av Anne Hagen Stridsklev, og er kvalitetssikra av Kirsti Torbjørnson.

Kontrollen er retta mot kommunen som eigar. I kontrollen vil vi undersøke korleis kommunen har utøvd sitt eigarskap i tre selskap. Selskapa er valt ut av kontrollutvalet. Dette er:

- Dalen Næringshage AS

- Konesjonskraftstyret i Telemark (§ 27-selskap)
- Kvito AS

Vi undersøker ikkje selskapa og styra si verksemd.

Kontrollen bygger på dokumentasjon som vi har henta inn frå kommunen og frå selskapa. Tokke kommune eig 41,67 % av Dalen Næringshage AS, resten av selskapet er privat eigd. Det inneber at det ikkje er offentleg innsyn i selskapet. Vi har bedt selskapet om informasjon til denne kontrollen, og vi har fått den informasjonen vi har bedt om.

Kontrollutvalet valte også ut Tokke Eigedom AS som eit av selskapa som denne eigarskapskontrollen skulle omfatte. Tokke kommune kjøpte Tokke Eigedom AS i mai 2017. Selskapet vart seld vidare til Dalen Mekaniske AS i september 2018. Sidan kommunen ikkje lenger eig selskapet, er det difor ikkje omfatta av denne eigarskapskontrollen.

Personopplysningar

I samband med denne eigarskapskontrollen har vi handsama personopplysningar som namn og e-postadresse til tilsette i kommunen og dei aktuelle selskapa.

Vårt rettslege grunnlag for å handsame personopplysningar er kommunelova § 80 andre ledd. Vi handsamar personopplysningar slik det går fram av vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på nettstaden vår www.tekomrev.no.

1.3 Kriterium

Kriteria for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (asl)
- Kommunen si eigarskapsmelding
- KS' anbefalinger for eierstyring (2015)
- Vedtekter/selskapsavtalar
- Relevante kommunestyrevedtak

1.4 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til kommunen og dei selskapa som er omtalt i rapporten. Kommunen sitt høyringssvar ligg som vedlegg i rapportene.

Vi har ikkje fått høyringssvar frå selskapa.

2 Kommunen si eigarskapsmelding

2.1 Eigarskapsmeldinga

I kva grad i er kommunen si eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningslinjer?

Kontrollkriterium

KS tilrår at kommunestyret fastset overordna prinsipp for eigarskapet til kommunen i ei eigarskapsmelding (KS tilråding nr. 4).

Eigarskapsmeldinga bør minimum ha desse hovudpunkta:

- Oversikt over verksemda til kommunen som er lagt i selskap og interkommunale samarbeid.
- Politisk styringsgrunnlag gjennom prinsipp for eigarstyring i kommunen.
- Juridisk styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformene.
- Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, inkludert styringsdokumenta.
- Samfunnsansvaret til selskapa knytt til miljø, likestilling, innsyn, etikk osv.

Kommunestyret skal utarbeide og bør jamleg revidere styringsdokument og avtalar som regulerer styringa av selskapa (KS anbefaling nr. 5).

Det skal ikkje vere motstrid mellom eigarskapsmeldinga og reglane for dei ulike selskapsformene.

I ny kommunelov som gjeld frå neste valperiode¹, er det krav om eigarskapsmelding for kommunane i § 26-1. Kommunestyret sjølv skal vedta eigarskapsmeldinga minst ein gong i valperiode. Ny kommunelov stiller krav til innhaldet eigarskapsmeldinga. Desse krava er i samsvar med tilrådingane frå KS.

Vi har utleidd følgjande kriterium:

- Eigarskapsmeldinga bør innehalde hovudpunkta i tilrådingane frå KS

¹ Lova trer hovudsakleg i kraft frå neste valperiode: Kapitla 1 til 13, 17 til 24, 26, 27, 30 og 31 trer i kraft frå og med det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019–2023. Kapitla 14, 15, 16, 28 og 29 trer i kraft 1 jan 2020, med unntak for kap. 25 (jf. res. 20 des 2018 nr. 2062).

Om eigarskapsmeldinga

Kommunestyret vedtok eigarskapsmelding for Tokke kommune i sak 67/15.

Eigarskapsmeldinga har tre delar, der del 1 inneheld generell informasjon om selskapsformer, del 2 om eigarstyringsprinsipp i Tokke kommune og del 3 gir eit oversyn over kommunen sine eigarskap. Eigarskapsmeldinga skal ifølgje ordførar ha ein fjerde del som skal gjelde dei enkelte selskapa, men denne er ikkje ferdig enda. Ordførar seier at den fjerde delen av eigarskapsmeldinga snart er klar for politisk handsaming.

Del 1 gir informasjon om kvifor kommunar eig selskap, dei politiske og dei finansielle motiva kommunar ofte har. Vidare inneheld del 1 generell informasjon om dei ulike selskapsformane, kva lover som regulerer dei ulike selskapsformane.

Del 2 inneheld prinsipp for eigarstyring i Tokke kommune. Tokke kommune har mellom anna desse prinsippa for si eigarstyring:

- Tokke kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte.
- Kommunen føreset at styret kontrollerer leiinga av selskapet.
- Kommunestyret er eigarorganet.
- I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbyttepolitikk
- Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret. Kommunestyret skal også få jamleg informasjon om selskapa.
- Styra skal setjast saman ut frå geografi, kjønn, kompetanse, kapasitet og mangfald ut i frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.
- Godtgjersle til styret skal haldast på eit moderat nivå.
- Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korrupsjon.
- Selskapa skal ha høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, mangfald og samfunnstryggleik.
- Selskapa bør ha eigne etiske retningslinjer.
- Tokke kommune skal vere open om sine eigarstrategi og selskapa si verksemd.
- Styrerepresentantar i selskapa som Tokke kommune eig, skal vere registrert i styrevervregisteret.

Del 3 gir eit oversyn over dei selskapa kommunen eig og storleiken på eigardelen til kommunen.

Det går ikkje fram av eigarskapsmeldinga når eller kor ofte den skal rullerast.

2.2 Vurdering av kommunen si eigarskapsmelding

Tokke kommune har vedtatt eigarskapsmelding slik som KS tilrår. Eigarskapsmeldinga inneheld dei fleste punkta som KS tilrår, men det er også manglar.

Bortsett frå for VTK AS, har ikkje Tokke utarbeidd selskapsstrategi for selskapa sine.

KS rår til at eigarstyringa skal utøvast innanfor ramma av kommunestyret sine vedtak. Eigarskapsmeldinga seier at årsmeldingar skal leggjast fram for kommunestyret. Vi meiner at det ikkje dette aleine ikkje vil gje godt nok politisk styringsgrunnlag. For å sikre god forankring av utøvinga av eigarstyringa, burde kommunestyret handsame innkallingar til generalforsamlingar, representantskap og andre eigarorgan. Då kan kommunestyret gje føringar til sin eigarskapsrepresentant om kva Tokke kommune som eigar meiner om sakene som skal handsamast i eigarorgana.

Eigarskapsmeldinga gir føringar om styresamansetting og styreevaluering. Det er i samsvar med KS sine tilrådingar. Eigarskapsmeldinga gir ikkje føringar for korleis styra skal veljast. KS tilrår at val av styrer til kommunalt eigde selskap bør skje ved bruk av valkomité, og at bruk av valkomité bør vere regulert i vedtektene til selskapa (KS-tilråding nr. 10).

KS tilrår at eigarskapsmeldinga jamleg blir rullert. Ny kommunelov seier at eigarskapsmeldinga skal vedtakast kvar valperiode. Kommunen bør omtale rullering i eigarskapsmeldinga si. I samband med handsaminga i neste valperiode vil det også bli behov oppdatere informasjonen om interkommunale samarbeid (§ 27- samarbeid m.m.), jf. ny kommunelov § 26-1 og kapitla 17-20.

3 Samarbeid med andre eigarar

3.1 Samarbeid om eigarskapsstyring

Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?

Kontrollkriterium

Kommunen eig selskap saman med andre kommunar. Vi undersøker difor om kommunen har gjort tiltak for å sikre at føringar som ein vil at selskapet skal rette seg etter, er samordna med forventningar frå andre eigarar.

KS tilrår at ein utarbeider ei felles eigarskapsmelding for felles eigarskap. Ei slik felles eigarskapsmelding vil sikre felles føringar frå eigarane der det er mogleg (KS-tilråding nr. 4.) KS tilrår også at ein gjennomfører uformelle eigarmøte regelmessig, for å sikre god samhandling mellom eigarar og selskap (KS-tilråding nr. 6.).

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- Kommunen bør vurdere felles/samordna eigarskapsmelding der det er mogleg.
- Det bør vere regelmessige eigarmøte med uformell diskusjon for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet.

Samarbeid om eigarskap i praksis

Kommunen vedtok eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag AS i sak 18/38. Strategien er utarbeidd av rådmennene i dei seks eigarkommunane, og var på høyring hos selskapet. Tokke kommunestyre vedtok ikkje forslaget til eigarstrategi slik det låg føre. Kommunestyret vedtok andre forventningar til selskapet enn det som låg i forslaget til felles strategi. Ifølgje den felles eigarstrategien skal det haldast årlege eigarmøte der føremålet er å avklare problemstillingar kring eigarskapen og etablere kontinuerleg styringsdialog.

Kommunen har ikkje utarbeidd felles eigarmeldingar/eigarstrategiar for andre selskap. Rådmannen seier at det er naturleg at dei andre selskapa vil få «sine» eigarskapsmeldingar til uttale før endeleg vedtak blir fatta. Ifølgje rådmannen tenker kommunen å sjå etter om selskapa rettar seg etter føringane i eigarskapsmeldingane i eigarmøte.

Vi har spurt selskapa om dei er kjende med kommunen si eigarskapemelding:

- Dagleg leiar i Konesjonskraftstyret i Telemark seier at han ikkje kjenner til at eigarane har gitt samordna føringar for selskapet, og han kjenner ikkje til eigarskapsmeldinga til Tokke kommune.
- Styreleiar i Kvito AS er kjend med at Tokke kommune har utarbeidd eigarskapsmelding, men denne er ikkje sendt til selskapet. Styreleiar viser til at Tokke ikkje har vedtatt eigarstrategi for selskapet og at det difor er for tidleg å seie om selskapet rettar seg etter kommunen sine føringar.
- Ordførar i Tokke er styreleiar i Dalen Næringshage AS. Vi legg til grunn at han kjenner kommunen si eigarskapemelding. Ordførar seier at det har vore svært liten aktivitet i selskapet dei siste åra.

Eigarmeldinga del 1-3 gir ikkje føringar om at det skal vere jamlege eigarmøte med selskapa som kommunen eig. Det har heller ikkje vore uformelle eigarmøte i dei selskapa som er valt ut til denne kontrollen i 2017 eller 2018.

3.2 Vurdering av samarbeidet med andre eigarar

Å samordne føringar frå eigarar, er særleg aktuelt i selskap som Tokke eig saman med andre kommunar. Av dei selskapa som er valt ut til denne kontrollen gjeld det Kvito AS og Konesjonskraftstyret. Tokke har ikkje utarbeidd føringar i samarbeid med dei andre eigarane for selskapa enda. Etter kva vi forstår blir det arbeid med dette no.

Tokke har vedtatt føringar for VTK AS. Forslaget til føringar er utarbeidd av eigarkommunane i fellesskap. VTK AS er ikkje eit av selskapa som er valt ut til denne kontrollen. Vi vil likevel kommentere at når Tokke ikkje vedtok det framforhandla forslaget slik det låg føre, så har eigarane reelt sett ikkje ein felles eigarstrategi. Vi er ikkje kjende med om dei andre eigarkommunane har vedtatt forslaget til felles eigarstrategi utan endringar.

Etter kva vi kan sjå, har ikkje kommunen hatt rutine for å informere selskapa dei eig om den generelle eigarskapsmeldinga. Sjølv om kommunen planlegg å utarbeide eigarskapsmeldingar for kvart selskap, er det gitt føringar i del 2 i eigarskapsmeldinga som selskapa bør vere kjent med. Til dømes ønskjer eigar at selskapa skal ha medvetne om sitt samfunnsansvar og ha etiske retningslinjer.

Bortsett frå i VTK AS, har ikkje kommunen etablert ordning om å ha jamlege eigarmøter med selskapa sine.

4 Eigarstyring

4.1 Opplæring i eigarstyring

Sørger kommunen for at folkevalte for opplæring om eigarstyring?

Kontrollkriterium

KS tilrår at folkevalte får opplæring om eigarstyring som ein del av folkevaltopplæring eller eigarskapsseminar. KS tilrår at kommunestyret gis tid til kompetanseutvikling som ledd i å styrke det kommunale eigarskapet gjennom opplæring eller eigarskapsseminar for alle folkevalte i løpet av dei fyrste seks månadane og etter to år. Det nye kommunestyret bør også tidleg få oversikt over status i selskapa. (KS-tilråding nr.1)

Vi har utleidd følgjande kriterium:

- Det skal vere obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for folkevalte.
- Kommunestyret bør få ei oversikt over selskap som kommunen eig.

Opplæring

Eigarskapsmeldinga til kommunen gir ikkje føringar om opplæring i eigarstyring.

Rådmannen opplyser at det ikkje har vore opplæring om eigarstyring i den perioden han har vore rådmann, men at han reknar med at det må inngå i folkevaltopplæringa etter valet i 2019. Ordførar er usikker på om folkevaltopplæringa i 2015 inneheldt ein eigen bolk om eigarstyring.

Eigarskapsmeldinga vart vedtatt av noverande kommunestyre i sak 67/15, og inneheld ei oversikt over selskap som kommunen eig.

4.2 Fullmakter til eigarskapsrepresentant

Sørger kommunen for at eigarrepresentant har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner?

Kontrollkriterium

Representasjon i eigarorganet er regulert i aksjelova og i vedtekter/samarbeidsavtale. Aksjelova seier ikkje noko om kven som skal møte som aksjonær. Å oppnemne sentrale folkevalte til eigarorganet kan bidra til å forenkle samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet. Ordførar eller andre kommunestyrepraesentantar må få delegert fullmakt for å kunne stemme på generalforsamling. Det skal som hovudregel leggest fram skriftleg fullmakt i generalforsamling, jf. aksjelova § 5-2 andre ledd, så langt ikkje alle aksjeeigarane samtykker til at det ikkje er naudsynt, jf. § 5-2 fjerde ledd.

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- Representant/fullmektig til eigarorgan skal veljast/peikast ut i samsvar med gjeldande krav i lover og vedtekter/selskapsavtale.
- Eigarrepresentantane bør være sentrale folkevalte.

Fullmakter

Kommunestyret gav ordførar fullmakt til representere kommunen i generalforsamlingar i sak 64/15.

Ordførar representerte Tokke kommune på generalforsamlingane til Kvito AS og Dalen Næringshage AS i 2017 og i 2018. Det går ikkje fram av vedtekter eller protokollane at det er gitt slikt samtykke, og vi kan ikkje sjå at ordførar lagt fram skriftleg fullmakt til å representere kommunen i generalforsamling, jf. asl § 5-2 andre ledd.

Ordførar representerte Tokke kommune på årsmøtet til Konesjonskraftstyret i 2018 og 2017. Det følgjer av avtala om disponering av konesjonskraft frå 2009 at årsmøtet er samansett av dei åtte fungerande ordførarane i samarbeidskommunane og av fylkesordførar.

4.3 Rapportering av selskapsspørsmål

Sørger kommunen for at selskapsspørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldende tilrådingar og retningsliner i eigarskapsmeldinga?

Kontrollkriterium

Kommunestyret er øvste organ i kommunen, og har all mynde som ikkje er delegert. Den som er peika ut til å møte i generalforsamling og valt representant i representantskapet har den mynde som kommunestyret har delegert. KS tilrår at kommunen etablerer føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorganet for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarrepresentanten si mynde. Kommunestyret bør derfor handsame innkallingar til representantskap og generalforsamling i forkant av møta, for å avklare kva mynde representanten har.

For å få til dette er kommunen avhengig av å få innkallingar og sakspapir i god nok tid før møtet i eigarorganet. Innkallingsfrist til ordinær generalforsamling i aksjeselskap er 1 veke, med mindre lenger frist er sett i vedtektene. Generalforsamlinga til aksjeselskap skal godkjenne årsregnskapet og årsmelding innan utgangen av juni påfølgjande år, jf. aksjelova § 5-5.

KS rår til at lenger innkallingsfrist for aksjeselskap vert regulert i vedtektene. Då vil eigar få betre høve til å handsame innkallingane før møte i eigarorganet.

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- Årsmøtedokument til kvart selskap bør som hovudregel vere handsama av kommunestyret, før møte i eigarorganet.
- Eigar bør forsikre seg om at selskapa kallar inn til møte i eigarorgan med føremålstenleg frist og i samsvar med gjeldande krav.

Handsaming av selskapsaker

I følgje eigarskapsmeldinga skal årsmeldingar bli lagt fram for kommunestyret. Kommunen si eigarskapsmelding omtalar ikkje av politisk handsaming av innkallingar eller av innkallingsfristar for selskapa.

Innkallingar til generalsforsamlingar i Kvito AS, Dalen Næringshage AS og årsmøte i Konesjonskraft styret har ikkje vore handsama i kommunestyret før møta i eigarorgana.

Korkje Kvito AS eller Dalen Næringshage AS har lenger innkallingsfrist til generalforsamling regulert i sine vedtekter. Innkallingsfristen er difor ei veke.

Kvito AS

2017: Innkalling datert 18.4.17

Generalforsamling haldt 7.5.17

2018: Innkalling datert 5.4.18

Generalforsamling haldt 24.4.18

Dalen Næringshage AS

2017: Innkalling datert 6.6.17

Generalforsamling haldt 14.6.17

2018: Innkalling datert 7.6.18

Generalforsamling haldt 28.6.18

Konsesjonskraftstyret

Innkallingsfrist til årsmøter i § 27-samarbeid er ikkje lovregulert. Det følgjer av avtala mellom samarbeidskommunane at innkalling skal skje med 14 dagars varsel. Årsmøtet skal etter samarbeidsavtala haldast innan utgangen av juni månad.

2017: Innkalling sendt mars (ca.)

Årsmøte halde 2.6.17

2018: Innkalling sendt 13.3.18

Årsmøtet halde 7.6.18

Dagleg leiar har ikkje arkivert innkallinga til årsmøtet i 2017, men meiner at den vart sendt ut på same tidspunkt som i 2018, dvs. i mars månad.

Årsmeldingar frå desse selskapa har ikkje blitt lagt fram for kommunestyret.

Tokke kommune ved ordførar har kalla «sine styrepresentantar» inn til dialog med formannskapet no i januar 2019. Kommunen har kalla inn styremedlemmar frå Kvito AS, Renovest IKS, Interkommunalt Brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS og VTK AS. Innkallinga er etter kva vi kan sjå, sendt direkte til styremedlemmane og ikkje til selskapa. I innkallinga skriv ordførar at han ønskjer at styremedlemmane orienterar om status og utfordringar i selskap. Styremedlemmane kan også be om formannskapet sitt syn på spørsmål av eigarmessig karakter.

4.4 Habilitet

Sørger kommunen for tiltak for å handtere habilitetsreglane?

Kontrollkriterium

Den som sit i styret i eit selskap blir inhabil til å handsame saker for kommunen der selskapet er part, jf. kommunelova § 40 nr. 3, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e). Avgjerd om habilitet/inhabilitet i fokevalde organ skal protokollførast, jf. kommunelova § 30 nr. 4.

Habilitetsreglane gjeld alle avgjerder som kommunen treff, også når representanten treff avgjerd på vegne av kommunen i generalforsamling. Dette inneber at styremedlemmar i eit selskap, ikkje kan førebu saker eller treffe avgjersler for kommunen i selskapet sitt eigarorgan.

Både eigar og selskap må ha tiltak som sikrar at ein handterer habilitetskonfliktar. KS tilrår at eigar (kommunestyre) vurderer habilitetsulempene dersom ein vel administrative leiarar og sentrale folkevalte til styremedlemmer, og meiner at ordførar og rådmann ikkje bør veljast til styre (tilråding nr. 9 og 15).

Vi har utleidd følgjande kontrollkriterium:

- Ordførar og rådmann bør ikkje vere styremedlemmer i selskapa til kommunen.

Ordførar og rådmann i selskapsstyrer

Tokke kommune omtalar ikkje forholdet til habilitet i si eigarskapsmelding, og heller ikkje om ordførar og rådmann kan veljast til selskapsstyre.

Ordførar er styreleiar i Dalen Næringshage AS, men er elles ikkje registrert som medlem i styre i selskap der kommunen er eigar. Ordførar vart valt som styreleiar på generalforsamlinga 14. juni 2017.

Rådmannen er ikkje registrert med styreverv.²

Vedtektene for Konesjonskraftstyret opnar for at same personar kan sitje i styret og representere kommunen i årsmøte. Tokke kommune har ikkje representasjon i Konesjonskraftstyret no.

² Informasjon som ordførars og rådmannens styreverv er henta frå Proff per 22. januar 2019.

4.5 Vurdering av kommunen si eigarstyring

Vi meiner at kommunen si eigarstyring har manglar.

Tokke kommune gir ikkje opplæring i eigarstyring slik som KS tilrår.

Ordførar har fått fullmakt til å representere kommunen i generalforsamling, og har vore kommunen sin eigarrepresentant i dei selskapa denne kontrollen har omfatta. Fordi ordførar er styreleiar i Dalen Næringshage AS var har ikkje habil då han representerte kommunen i generalforsamlinga til selskapet i 2018. Forvaltningslova sine reglar om inhabilitet gjeld for oppgåva med å representere kommunen i generalforsamlingar.

I Konesjonskraftstyret følgjer fullmakta av samarbeidsavtala. Det er elles i samsvar med tilrådingane å bruke ein sentral folkevalt som ordførar som eigarskapsrepresentant. Vi vil likevel peike på at vedtektene til Konesjonskraftstyret føreskriv ei ordning som fører til inhabilitet i årsmøtet og i dei kommunane som har ordførar i styret, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Årsmøtet skal mellom anna vere kontrollorgan for eigarane, jf. vedtektene. Gjennomgåande representasjon i styret og årsmøtet kan ha sine fordelar, men det kan føre til at årsmøtet sin kontrollfunksjon i høve til styret blir svekka.

Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at kommunestyret får informasjon om selskapssaker og får høve til å gje føringar til sin eigarskapsrepresentant. Etter vår syn burde kommunestyret få høve til å handsame innkallingar til generalforsamlingar m.v. før møta. For å få til det, må innkallingar til møte i eigarorgana sendast i så god tid at kommunen rekk å handsame dei. Ingen av selskapa i denne kontrollen har regulert lang innkallingsfrist i sine vedtekter. Innkallingsfristen er ei eller to veker, og det kan vere vanskeleg å få til ei kommunestyrehandsaming på den korte tida.

I alle selskapa er generalforsamlingar og årsmøte halde innafor tidsfristar i lova/samarbeidsavtala. Innkallingar er også sendt ut i samsvar med gjeldande krav.

Vi kan ikkje sjå at kommunestyret har handsama årsmeldingar frå selskapa, slik som eigarskapsmeldinga legg opp til.

Det er positivt at kommunen vil å ha dialog med selskap som kommunen eig, men slik dialog må kommunen ha med selskapet og ikkje med det enkelte styremedlem. Styremedlemmar representerer berre seg sjølv, og ikkje kommunen dei kjem frå. Styremedlemmar har teieplikt om styrets verksemd. Vi også påpeike at ifølgje eigarskapsmeldinga, har ikkje

formannskapet nokon rolle når det gjeld eigarstyring. Eigarskapsmeldinga plasserer ansvaret for eigarstyring hos kommunestyret.

Ordførar sitt som styreleiar i eit av selskapa der kommunen er eigar. Dette er ikkje samsvar med tilrådingane frå KS, og vil føre til at ordførar vil vere inhabil i alle saker der selskapet er part.

5 Konklusjon og tilrådingar

5.1 Konklusjon

I kva grad legg Tokke kommune til rette for god eigarstyring?

Eigarstyringa Tokke kommune inneheld fleire av dei elementa som ei god eigarstyring bør ha, men eigarstyringa har også vesentlege manglar.

Kommunen har vedtatt eigarskapsmelding, men bortsett frå for VTK har kommunen ikkje utarbeidd strategiar for dei selskapa dei eig. Vi får opplyst at slike strategiar er under arbeid. Kommunen har ikkje gjennomført eigarmøte med dei selskapa som er valt ut til denne kontrollen. Det inneber at kommunen per no ikkje har tiltak for å sikre at føringar til selskapa ikkje er avstemt med andre eigarar.

Tokke kommune har ikkje etablert rutinar som sikrar god kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet, og reell politisk avklaring av eigarrepresentanten sin mynde. Føringa i eigarskapsmeldinga om at årsmeldingar skal leggjast fram for kommunestyret, følgjast ikkje.

Tokke kommune følgjer ikkje tilrådinga om opplæring av folkevalte i eigarstyring.

Det er samsvar med KS sine tilrådingar å gje ordførar fullmakt til å representere kommunen i generalforsamlingar. Det er ikkje å samsvar med tilrådingane å velje ordfører til styreleiar i eit selskap der kommunen er eigar. Ordførar var inhabil då han representerte kommunen som eigar i generalforsamlinga til Dalen Næringshage AS, fordi han er styreleiar i selskapet.

5.2 Tilråding

Vi tilrår Tokke kommune

- å vurdere å oppdatere eigarskapsmeldinga si slik at den er i samsvar med tilrådingar og ny kommunelov
- å etablere rutine for å handsame eigarsaker i kommunestyret
- å styrke opplæringa i eigarstyring for folkevalte
- å vurdere om det er tenleg at ordførar har styreverk.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Eventuelle kommentarer til rapporten frå eigar/selskapet.

Vedlegg 1: Høyringsuttale



Tokke kommune
Rådmann

TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS
Postboks 2805
3702 SKIEN

Dykkar ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:
 2018/2584-5 John Kleiv, 037 08.02.2019

Svar i høve høyring - eigarskapskontroll

Visar til rapport om eigarskap i Tokke kommune 2019. Eg meiner dette er ein grundig og god rapport for kommunen og det er peika på sentrale tema som kommunen må arbeide vidare med.

No er det slik at me har arbeidd lenge med eigarskapsstrategien for selskap kommunen er deleigar i og saka vart lagt fram med endeleg melding, for Formannskapet 30.01.2019.

Del 1-3 i eigarskapskontrollen vart vedteken kort tid før førre rådmann slutta i stillinga. Deretter var det eit halvår med konstituert rådmann før underteikna byrja i stillinga i januar 2017. Eg var ikkje klar over at det låg ei uferdig sak om eigarskapsstrategien til kommunen, så difor tok det noko tid før arbeidet vart teke opp att.

Eigarane av VTK arbeidde ut ein felles strategi for dette selskapet og ved dette arbeidet vart eg merksam på at del 4 i eigarskapsmeldinga for alle selskap Tokke er eigar i ikkje var ferdig.

I samarbeid med dei andre rådmennene i Vest-Telemark har me sett på nokså lik mal for arbeidet med dette. Dei andre brukte Tokke sitt utgangspunkt for del 1-3, medan Vinje utarbeida ein type mal for del 4, som me har bruka som utgangspunkt.

I løpet av 2018 har me revidert noko på del 1-3, samt ferdigstilt del 4 slik at me har fått eit godt dokument. Formannskapet hadde som nemnt til handsaming, men sidan det er val til hausten, ny kommunelov og at rapporten de har utarbeidd inneheld ein del innspel, valte dei å ta saka til etterretning. Me skal difor revidere denne med omsyn til dei endringar dette medfører og leggje saka fram for nytt kommunestyret innan eit år.

Postadresse:	Storvegen 60 3880 DALEN	Telefon: 35 07 52 00 Telefaks: 35 07 71 33	Bankgiro: 2685 07 02968 Org.nr: 964 964 521
E-post:	postmottak@tokke.kommune.no	Heimeside: www.tokke.kommune.no	

«Saksprotokoll i Formannskapet - 30.01.2019

Framlegg frå Hilde Alice Vågslid:

Formannskapet tek saka til vitane. Saka reviderast etter endringar i kommunelova og kjem til ny handsaming etter kommunevalet 2019.

Framlegget vart sett opp mot rådmannen si tilråding.

Framlegget frå Vågslid vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Formannskapet tek saka til vitande. Saka reviderast etter endringar i kommunelova og kjem til ny handsaming etter kommunevalet 2019.»

At me no får litt meir tid på å legge fram ny eigarskapsmelding inneber også at me kan informere betre mot aktuelle selskap og også kontrollutvalet i kommunen, for eventuelle reaksjonar og innspel.

Med helsing

John Kleiv
Rådmann

Vedlegg:

- 1 Eigarskapsmelding for Tokke kommune endeleg utg 2019
- 2 Eigarskapsmelding for Tokke kommune 2019

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.